

Referat frå styremøte i Fogn grendalag – torsdag 1. mars 2018

På Fogn oppvekstsenter

Desse møtte: Joar Sandanger, Arnstein Bøe, Solfrid Torgersen, Kathrine Flesjå Østhus, Heidi Bø Sangedal, Kristoffer Østhus og Håvard Østhus

Sak 1 – Høyring knytta til nye ferjeruter frå 1. januar 2020

Kristoffer og Arnstein har fått litt litt tilbakemeldingar angåande ferjerutene. Det går både på lengst mogleg opningstid, og tilbakemeldingar frå dei som er tilsette innan helse, som naturleg nok er opptekne av at ferjerutene skal passa best mogleg med deira vaktordningar.

Vi er positive til alternativ 2, som gir betre opningstid totalt sett, men vi meiner at opningstida kunne blitt utnytta betre enn på å splitta sambandet mellom Fogn-Judaberg-Helgøy og dei andre øyane. Vi ynskjer heller at begge ferjene går heile runden, og trur dette blir betre, totalt sett. Det blir særsviktig å prioritere dei som arbeider innan helse på Finnøy, både sør og nord i kommunen.

Innspel frå Fogn grendalag, til ordførar Henrik Halleland i forkant av Finnøy Kommune sitt møte med Rogaland Fylkeskommune, knytta til nye ferjeruter:

Fogn grendalag hadde styremøte 1. mars 2018, og snakka om forslag til nye ferjeruter frå 1. januar 2020. Vi ynskjer i første omgang å koma med desse innspela til ordføraren:

- Vi meiner det viktig at det blir lagt ned arbeid i å få spissa rutetidene innanfor alternativ 2, slik at tilbodet vert best mogleg for alle.
- Det er viktig å ha fokus på dei som er tilsette innan helse, og deira vaktordningar. Det som er sett opp no er ikkje tilfredsstillande.
- Kvifor er ferjene så «splitta» i alternativ 2? Kvifor kan ikkje heller begge ferjene gå heile runden? Vi ynskjer at begge ferjene vert nytta fullt ut, i alternativ 2.
- Vi er opptekne av lengst mogleg opningstid for ferjene.
- Det er viktig med god korrespondanse mellom ferjene som kjem til Helgøy, og som går frå Nesheim, med tanke på dei som skal reisa vidare nordover.

Sak 2 – Årsmøte 2018

Når? Tysdag 20. mars klokka 18.30

Kvar? I foajeen på Fogn oppvekstsenter

Vi vil prøve å få besøk av Henrik Halleland og Ludvig Skretting, som snakkar om Øyfast og samferdsel. Kristoffer spør desse.

Dette må med i årsmeldinga:

- Vi har jobba for å få fiber.
- Vi har vore involvert i sak knytta til dispensasjon for å få bygga hus på Fogn
- Vi har fått aktualisert dette med overgangsbillett til Jelsa

- Vi har kjøpt inn tre komfyrar til oppvekstsenteret
- Vi var med og arrangerte folkemøte om arbeidet med ny kommuneplan
- Dugnad i Skinnvika våren 2017

Plakat: Kathrine ordnar. Få med at innspel om ferjeruter kan sendast til Arnstein.

Servering: Kaffi, frukt, twist og kringle. Kathrine ordnar.

Rekneskap: Merete ordnar

Årsmelding: Håvard ordnar. Kristoffer presenterer.

Alle i styret kjem kl. 18.00, med unnatak av 2 personar som kjem før og startar med kaffikoking og fruktkutting (Kathrine avtalar)

Sak 3 – 30-sona på «sletta»

Vi tenkjer at det er bra med 30-sone forbi oppvekstsenteret, men i våre auge er sona for lang. Arnstein tek saka knytta til å prøve å forkorte sona.

Ref: Håvard Østhus